

Valprogram for Ullensvang SV – 2023-2027

Ein inkluderande og grøn kommune

Ein god oppvekst for alle, uavhengig av storleiken på lommeboka er viktig. Ullensvang SV vil bekjempe fattigdom. Me vil innføra eit fritidskort med ein gratis aktivitet til alle born i kommunen vår.

Ein god barndom varar heile livet

SV vil:

- oppretta ei stilling som miljøkoordinator som reiser rundt på skulane våre.
- ha ein god og inkluderande skule og barnehage for alle.
- gje alle barn i Ullensvang likt utgangspunkt til å lukkast og vil arbeide for ekstra ressursar til barn som treng det.
- at alle som treng det skal få tilgang til helsesjukepleiar og moglegheit til ein helsesjukepleiar å prata med i heile kommunen for å førebyggja psykiske plagar.
- halda fram med rusfrie arrangement i kommunen for ungdom.
- ha badeland i Odda.

Ta vare på urørt natur – Friluftshovudstaden Ullensvang

SV vil:

- ha grønne næringar i Ullensvang, som spelar på lag med naturen.
- seie ja til berekraftig fotturisme.
- lage ei ny forvaltningsplan for Hardangervidda. Å minska unødig ferdsel er naudsynt.
- legge størst vekt på natur og miljø der dette kjem i konflikt med næringsliv.
- at heile kommunen skal vere utan pendelbane.
- minska eller stoppa all hyttebygging i kommunen.
- ikkje tillate fleire oppdrettsanlegg i Hardangerfjorden. Eksisterande anlegg må sikrast mot rømming og forureining. Sørfjorden skal ikkje ha oppdrettsanlegg.
- støtte miljøsatsingar som Tizir og Boliden

Ja til trygge bruksveggar

SV vil:

- prioritere ras- og flaumsikring framfor nye motorvegprosjekt.

- vidareføra arbeidet med ras- og flaumsikring, for gul midtstripa på heile rv 13, og arm frå Bergen via E134 til Austlandet.
- ha fortgang i arbeidet med tunnelen Røldal-Seljestad.
- halda fram å arbeida for lyntog mellom aust og vest via Ullensvang.

Ei hand å halda i – Ein trygg alderdom for alle i Ullensvang

SV vil:

- ha god helse og eldreomsorg i heile kommunen.
- ta vare på og utvikla lågterskeltilbod til psykisk sjuke og gjera kvardagen deira betre.

Framtid for landbruket

SV vil:

- stå heilhjarta bak bonden.
- støtte både heiltidsbonden og deltidsbonden.
- ta vare på jordbruksland og stø opp kring småskalalandbruk.

Kultur – Ta vare på industrikulturen

SV vil:

- ta vare på industrikulturen. Lindehuset må bevarast og verta tatt hand om.